



Arkivnr: 2017/692-34

Saksbehandlar: Bertil Søfteland

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesvalstyret		23.05.2017

Stortingsvalet 2017 - godkjenning av lister

Samandrag

Innan fristen 31. mars var det levert inn 19 listeforslag frå 17 parti til stortingsvalet 2017. I samsvar med lov og forskrift har forslagstillarane gjort nødvendige endringar for å få listeforslaga i samsvar med krava i lova.

Det er levert inn to listeforslag for Demokratane i Noreg og Piratpartiet. Når det gjeld Piratpartiet har listestillarane og partiets utøvande organ i ettertid samlast om ei liste. For Demokratane i Noreg er det i sakshandsaminga vektlagt uttale frå partiets utøvande organ i høve til kva for listeforslag som vert innstilt som godkjent.

Det vert rådd til at listeforslag nr. 2 frå Jann Atle Jensen og Per Roald Midtøy (Demokratane i Noreg) og listeforslag nr. 17. frå Geir Martin Ohna og Thomas Stavland (Piratpartiet) ikkje vert godkjent som offisielle vallister ved stortingsvalet 2017 slik dei ligg føre som vedlegg til saka.

Det vert rådd til at alle andre listeforslag vert godkjende som offisielle vallister ved stortingsvalet 2017 slik dei ligg føre som vedlegg til saka.

Forslag til vedtak

Følgjande innkomne listeforslag vert godkjende som offisielle vallister ved stortingsvalet 2017 i Hordaland med desse overskriftene og med følgjande nummerering:

1. Demokratane i Noreg
3. Kristeleg Folkeparti
4. Raudt
5. Miljøpartiet Dei Grøne
6. Sosialistisk Venstreparti
7. Partiet De Kristne
8. Liberalistene
9. Senterpartiet
10. Framstegspartiet
11. Venstre
12. Høgre
13. Arbeidarpartiet
14. Kystpartiet
15. Alliansen
16. Helsepartiet

- 18. Piratpartiet ved Geir Martin Ohna og Thomas Stavland
- 19. Feministisk Initiativ

Følgjande innkomne listeforslag vert forkasta som offisielle vallister ved stortingsvalet 2017 i Hordaland med desse overskriftene:

- 2. Demokratene i Noreg
- 17. Piratpartiet

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Listeforslag

Fylkesrådmannen, 11.05.2017

1. 19 listeforslag til stortingsvalet 2017

- | | |
|------------------------------|---|
| 1. Demokratane i Noreg | Tillitsvald: Marianne Solheim
Varatillitsvald: John Ingolf Hauge |
| 2. Demokratane i Noreg | Tillitsvald: Jann Atle Jensen
Varatillitsvald: Per Roald Midtøy |
| 3. Kristeleg Folkeparti | Tillitsvald: Pål Kårbø
Varatillitsvald: Gunvor Sønnesyn |
| 4. Raudt | Tillitsvald: Torill Frøyse
Varatillitsvald: Solbjørg Helen Marjala |
| 5. Miljøpartiet Dei Grøne | Tillitsvald: Natalie Antonia Golis
Varatillitsvald: Per Hjalmar Svae |
| 6. Sosialistisk Venstreparti | Tillitsvald: Gina Barstad
Varatillitsvald: Marianne Sæhle |
| 7. Partiet De Kristne | Tillitsvald: Bjørn Humblen
Varatillitsvald: Tore Hauge |
| 8. Liberalistene | Tillitsvald: Jon Refsdahl
Varatillitsvald: Jørgen Gundersen |
| 9. Senterpartiet | Tillitsvald: Jostein Ljones
Varatillitsvald: Margunn Samnøy |
| 10. Framstegspartiet | Tillitsvald: Gustav Bahus
Varatillitsvald: Silje Hjemdal |
| 11. Venstre | Tillitsvald: Ingrid Nisamjan
Varatillitsvald: Ronny Knutsen |
| 12. Høgre | Tillitsvald: Peter Christian Frølich
Varatillitsvald: Tom Georg Indrevik |
| 13. Arbeiderpartiet | Tillitsvald: Stein Ove Lien
Varatillitsvald: Marte Persen |
| 14. Kystpartiet | Tillitsvald: Harald Kremner
Varatillitsvald: Karen Metter Dreyer |
| 15. Alliansen | Tillitsvald: Bjørn Christian Rødal
Varatillitsvald: Tord Grytting |
| 16. Helsepartiet | Tillitsvald: May-Lisbeth Knutsen
Varatillitsvald: Anne Marie Bringsli |
| 17. Piratpartiet | Tillitsvald: Geir Martin Ohna
Varatillitsvald: Thomas Stavland |
| 18. Piratpartiet | Tillitsvald: Olav Johannes Handeland |

Varatillitsvald: Ørjan Langbakk

19. Feministisk Initiativ

Tillitsvald: Sunniva Fløtra Schultze-Florey
Varatillitsvald: Anette Martinsen Basso

2. Nærare om listeforslaga

Etter vallova § 6-6 skal fylkesvalstyret innan 1. juni avgjera om listeforslaga skal godkjennast. Listeforslag må etter § 6-1 vera kome inn til fylkeskommunen innan fristen kl. 12:00 den 31. mars i valåret.

Alle listene er levert innan fristen.

19 listeforslag vart levert inn på vegne av 17 parti, og av dei 17 har 13 av partia delteke ved stortingsvalg i Hordaland tidlegare. Alliansen, Feministisk Initiativ, Liberalistene og Helsepartiet leverer liste til stortingsvalet for første gang.

Listeforslaga har i samsvar med vallova § 6-6 vore lagt ut til offentleg gjennomsyn.

Overskriftene på listene må etter vallova § 6-1 vera einslydande med partiet sitt registrerte namn. Dette er korrigert i samsvar med vallova §6-6, og alle (19) listeforslaga oppfyller dette kravet i lova.

Listeforslaga må ha minimum 16 kandidatar og for stortingsvalet i år maksimalt 22. Kravet er oppfylt for alle listeforslaga. Det er ikkje høve for listestillarane å gi eit røystetillegg på listene.

Etter vallova § 6-3 er det tilstrekkelig at minst to styremedlemer i lokalavdelinga skriv under listeforslaget dersom partiet er registrert i Partiregisteret og hadde ein viss oppslutning ved føregående stortingsval. Det same gjeld parti som er registrert i Partiregisteret etter siste stortingsval. Dette er oppfylt for 16 av dei 17 partia. Feministisk Initiativ er ikkje eit registrert parti og har ikkje stilt liste ved tidlegare stortingsval. Det er levert listeforslag med over 500 underskrifter. Underskrivarane er kontrollerte mot folkeregisteret og oppfyller kravet m.o.t. røysterett i fylket.

Fleire av listene hadde mange opplysningar om kandidatane på innlevert listeforslag. Røysteseelen set grenser for kor mykje det er plass til av tekst. Det vart teke kontrakt med tillitsvald for lista og lista vart korrigert slik at det høver med plass på røystesetelen.

Det har vore usemje internt både i Piratpartiet og Demokratane i Noreg om kva for liste som skulle leggjast til grunn i Hordaland. Valgdirektoratet har gitt følgjande uttale til løysing av saka:

« I valgforskriften § 16 er det fastsatt at dersom det er uklart hvem som har rett til å representere et registrert politisk parti på lokalt nivå og rett til å stille liste, skal valgmyndighetene innhente og legge til grunn uttalelse fra partiets utøvende organ, jf. partiloven § 3 (2) bokstav b. Partiets utøvende organ kan altså avklare spørsmål om hvem som kan representere dette partiet lokalt.

I relasjon til bestemmelsene i valgloven kapittel 6 om listeforslag er det ikke et krav at lokallaget er registrert i enhetsregisteret.

Dersom det oppstår tvil om hvem som representerer partiets utøvende organ, er det Partiregisterets registrering pr. 31. mars som skal legges til grunn, jf. partilovforskriften § 1-5 annet ledd».

Særleg om Demokratane i Noreg:

Då tillitsvalde frå to listeforslag begge hevda å ha rett til å fremje listeforslag på vegne av partiet, vart det innhenta uttale frå partiets utøvande organ i samsvar med uttale frå valdirektoratet.

I brev av 10.04.2017 uttaler partileder Makvan Kasheikal at han som representant frå partiets utøvande organ stadfestar/godkjenner innlevert listeforslag underskrevet av Marianne Solheim og

John Ingolf Hauge til Stortingsvalget 2017 som listeforslag for Demokratene i Noreg i Hordaland. Tillitsvald på den andre lista vart informert om uttala per e-post. Det er ikkje kome merknader på dette.

Særleg om Piratpartiet:

Då tillitsvalde frå to listeforslag begge hevda å ha rett til å fremje listeforslag på vegne av partiet, vart det innhenta uttale frå partiets utøvande organ i samsvar med uttale frå valdirektoratet. I brev av 09.04.2017 uttaler generalsekretær at han som representant frå partiets utøvande organ bekrefter/godkjenner innlevert listeforslag underskrevet av Geir Martin Ohna og Thomas Stavland til Stortingsvalet 2017 som listeforslag for Piratpartiet i Hordaland. Tillitsvalde på den andre lista vart informert om uttala per e-post. Det er kome inn klage kor det vert argumentert med at innlevert listeforslag frå Piratpartiet ved Olav Johannes Handeland og Ørjan Langbakk er den korrekte lista frå Piratpartiet for Hordaland. Piratpartiet hadde landsmøte i Bergen 6. til 7. mai 2017. På møtet er det vald ny generalsekretær og ny ledelse i partiet. Det er innsendt dokumentasjon frå tillitsvalde frå begge listestillare om at partiet nå er samde om listeforslag frå Olav Johannes Handeland og Ørjan Langbakk. Det er innhenta uttale frå nyvald generalsekretær Geir Aaslid som stadfester at innlevert listeforslag frå Olav Johannes Handeland og Ørjan Langbakk med kandidat Øyvind Andersen Holm på 1. plass er godkjent liste frå Piratpartiet ved Stortingsvalet 2017 i Hordaland. Det er også gitt uttale om at listeforslaget er i samsvar med vedtak i fylkesstyret etter ein demokratisk prosess i Hordaland fylkeslag. Etter dette er det fylkesrådmannen si vurdering at det ikkje lenger er uklart kven som har rett til å representere piratpartiet i Hordaland og såleis ha rett til å stille liste for Piratpartiet i Hordaland.

3. Listekandidatane

Alle kandidatane på listeforslaga er kontrollerte mot folkeregisteret m.o.t. om dei er valbare. Alle kandidatane var valbare.

Kandidatane på listene har i brev av 24.04.2017 fått melding om at dei er førde opp på listeforslaget til det aktuelle partiet, og at dei må søkja fritak innan 04.05.2017. Det er opplyst at retten til å krevja fritak får tapt om ikke fristen vert halden. Departementet har tidligare rått til at kandidatane ikkje bør ha mindre enn ei veker frist.

Nokre brev er komne i retur fordi den folkeregistrerte adressa ikkje samsvarer med postadressa. Desse breva er sendt til anna adresse, der det er funne.

Leiaren av fylkesvalstyret har etter fullmakt behandla søknadene om fritak. Av i alt to søknader er null innvilga, jf. delegert sak nr. 1. Stortingsvalet 2017 – behandling av søknader om fritak.

Helsepartiet

To av kandidatane på listeforslaget til Helsepartiet søkte om fritak frå å stå på liste. Søknadane vart ikkje innvilga.

4. Generelt

På nokre av listeforslaga var det gjeve opp feil etternamn og i nokre av listeforslaga var det ikkje opplyst om registrert mellomnamn i folkeregisteret. I nokre av listeforslaga var fornamn og etternamn bytta om eller at bustadkommune var feil. Det er det namn og bustedskommune som kandidaten er registrert med i folkeregisteret som må nyttast. Det vart teke kontakt med listestillarane vedkommande dette, slik at dei fekk høve til å rette opp.

Kandidatane skal førast opp med for- og etternamn. Det er kandidaten sitt rette etternamn som må brukast sjølv om vedkommande ikkje er kjend under dette. Det namnet kandidaten er kjend under bør tilføyast i parantes. I praksis er det lagt til grunn at kandidaten kan førast opp med eit tilnamn, dersom vedkommande er allment kjend under dette, i staden for fornamnet.

I forslaget til godkjende lister som ligg i saka er endringane innarbeidde.

5. Vurdering

Etter at fristen for innlevering av listeforslag er gått ut, kan forslagsstillarane berre gjera dei endringane som er nødvendige for å få forslaget i samsvar med krava i lova. Dette inkluderer også å setje inn ny kandidat dersom nokon vert strøken frå lista, jfr. valforskrifta § 15.

Fylkesrådmannen rår fylkesvalstyret til å godkjenna vedlagte listeforslag som offisielle vallister slik dei her ligg føre, med unntak av listeforslag nr. 2 frå Demokratane i Norge ved Jann Atle Jensen og Per Roald Midtøy og Piratpartiet nr. 17 ved Geir Martin Ohna og Thomas Stavland.